



# Solenergi



Sola gir oss lys.  
Sola gir oss varme.  
Sola gir oss vêr.  
Sola gjer at planter og dyr veks.  
Då får vi mat.



# Solenergi

Sola er ei stor og kraftig stjerne på himmelen. Ho gir oss mykje energi og varme. Ho er superviktig for alt livet på jorda! Ho er rett og slett den viktigaste energikjelda vår. Solenergi er også fornybar og rein.


Sola sender ut varme strålar og lys som treffer jorda vår. Dette blir kalla solenergi.


Plantar og tre elskar sola. Dei bruker solenergi til å lage sukker gjennom noko som blir kalla fotosyntese. Fotosyntese er som ein liten fabrikk inni planten. Her blir sollys, vatn og luft til mat og oksygen. Den maten fabrikken inni plantane lagar, gir næring og energi til alle slags dyr og menneske!

Solenergi gir oss også varme. Sola varmar opp jorda, havet og lufta med dei varme strålane sine. Dette gjer at vi får varme dagar, vind og bølger. Vêret på jorda er også styrt av sola.

Vi kan bruke dei varme strålane frå sola til å lage elektrisitet med hjelp av solceller!

Så neste gong du ser sola på himmelen, hugs då at ho er ei stor kraftkjelde som hjelper oss med å kunne bu på jorda vår!





# Solenergi

Sola er ei stor og kraftig stjerne på himmelen. Ho gir oss mykje energi og varme. Ho er svært viktig for alt livet på jorda! Ho er rett og slett den viktigaste energikjelda vår.


Solenergi driv fotosyntese, ein kjemisk prosess som skjer i plantar, algar og visse bakteriar. Fotosyntesen bruker solenergi, vatn og karbondioksid frå lufta til å lage glukose og oksygen. Utan solenergi og plantar ville det ikkje vore nok mat og oksygen til å halde oppe livet på jorda.

Solenergi er også nøkkelen til matkjeda vår. Plantar er produsentar som bruker solenergi til å lage sukker gjennom fotosyntesen. Dyr et plantar og får energien dei treng. Kjøttetarar får energi av å ete planteetarar. Utan solenergi ville det vore vanskeleg for oss menneske å få nok mat til å overleve.

Solenergi har stor innverknad på våret. Når sola varmar opp jordoverflata, blir lufta også oppvarma. Dette skaper luftsirkulasjon og vind. Varm luft stig oppover, og den kalde lufta fall ned. Vinden hjelper også til med å spreie skyer og regn rundt om i verda. Det er solenergi som dannar vær og vind og hjelper oss med å få nedbør og gode vekstforhold for avlingar.

Solenergi er ei fornybar energikjelde som gir oss høve til å produsere elektrisitet utan å bruke fossile brennstoff som kol, olje og gass. Ved å bruke solceller kan vi gjere solenergien direkte om til elektrisitet. Dette bidreg til å redusere klimautslepp og bevare miljøet vårt.

[Film om solenergi frå Kunnskapsfilm](#)




# Samtaleoppgåver til teksten om solenergi


- 1) Kva trur du hadde skjedd viss sola slutta å verke?
- 2) Kva bruker du sollys til i kvardagen din?
- 3) Nedanfor er det teikningar. Kven av dei er avhengige av solenergi for å verke?



Denne treng kjemisk energi.




Denne treng kjemisk energi.




Denne treng kjemisk energi i maten, som er vorte til av sola.



Denne treng kjemisk energi.




Denne treng strålingsenergi, men ikkje frå sola.



Denne treng rørsleenergi i vinden, som har vorte laga av sola.



Denne treng strålingsenergi frå sola.



# Oppgåveark til teksten om solenergi

1) Kva er den viktigaste energikjelda til jordkloden?



2) Kva trur du hadde skjedd viss sola slutta å verke?







3) Kva bruker du sollys til i kvardagen din?




4) Nedanfor ser du nokre teikningar.  
Kven av dei er avhengige av solenergi for å verke?



5) Snakk med ein læringsvenn og samanlikn alle svara dine.





# Oppgåver til leseteksten «Solenergi»

1) Nemn minst tre døme på kvifor solenergi er viktig for alt livet på jorda:




2) Korleis påverkar solenergien våret?



3) Kvifor er det lurt å bruke solenergi til å lage straum?





# Termometer i skugge og sol

## Utstyr

- To like termometer
- Solskin og skugge

## Framgangsmåte

- Legg dei to termometerane på ulike stader
- Det eine legg du i solsteiken
- Det andre legg du i skuggen
- La termometerane liggje i ca. 15 minutt

### Kva trur du skjer?



Kva trur du skjer i forsøket ditt?

### Måling





Fargelegg illustrasjonen med temperaturen du les av på dei to termometera dine.

### Dette skjedde



Skriv, teikn og forklar kva som skjedde med dei to termometera, og kvifor dette skjedde!

Ligg i  
solskin



Ligg i  
skugge